

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSAVGJERD nr. 2228/97/EF**av 13. oktober 1997****om skiping av eit fellesskapshandlingsprogram for kulturarven
(Rafael-programmet) (*)**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNION HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 128,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽²⁾,

med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet⁽³⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 B i traktaten⁽⁴⁾, på grunnlag av det felles framlegget frå Forlikutvalet av 2. juli 1997, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Dei mest iaugefallande og særmerkte sidene ved Europa som heilskap er ikkje berre dei geografiske, politiske og sosiale trekka, men òg kulturen.
- 2) I medhald av avdeling IX i traktaten, som handlar særskilt om kultur, skal Fellesskapet medverke til at kulturane i medlemsstatane får utfalde seg, samstundes som det nasjonale og regionale mangfaldet vert respektert og det vert arbeidd for å framheve den felles kulturarven.
- 3) I artikkel 128 i traktaten er kulturarven nemnd som eit særskilt tiltaksområde, og det er slått fast at kulturarven er eit uttrykk for nasjonal og regional eigenart og eit bindeledd mellom folkeslaga. For å medverke til større innbyrdes forståing og respekt må kulturarven vernast og gjerast lettare tilgjengeleg for ålmenta (òg for personar som har særlege problem med slik tilgang).
- 4) Eit fellesskapstiltak kan medverke til at kulturarven vert teken betre vare på ved å fremje utveksling av røynsler og fagkunnskap og oppmuntre til praktisk samverknad og til partnerskap.
- 5) På grunn av den sosio-økonomiske dimensjonen er vern av kulturarven ein del av samfunnsplanlegginga, og kan i stor grad medverke til å skipe arbeidsplassar, til å fremje kulturturisme, til regionutvikling og til å betre livskvaliteten og det daglege miljøet for folk flest. Moderne skapande verksemd kan spele ei viktig rolle i denne samanhengen.
- 6) Kultur er eit viktig tiltaksområde i samband med informasjonsamfunnet, slik det er streka under i kommisjonsmeldinga "Europa på veg mot informasjonsamfunnet: ein handlingsplan".
- 7) Det må forskast på fellesskapsplan i korleis kulturarven kan vernast. Det er gjort fellesskapstiltak innan forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjon i samsvar med rammeprogrammet for forskning og utvikling⁽⁵⁾, noko som kan vere til føremon for dette programmet.
- 8) Kommisjonen har tileigna seg ei viss røynsle frå den innsatsen som er gjort fram til no, særleg med omsyn til arkitektoniske kulturminne, og frå resultatane av samråd med alle partane som det kjem ved.
- 9) Europaparlamentet legg stor vekt på fellesskapstiltak som fremjar kulturarven, særleg innanfor opplæring, forskning, medvitsaukande tiltak blant unge personar og ungdom, samarbeid med tredjestatar og med Europarådet, og dessutan på samanhengen med annan fellesskapspolitikk, særleg med omsyn til opplæring og regionutvikling⁽⁶⁾.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 305, 8.11.1997, s. 31, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 89/1999 av 25. juni 1999 om endring av EØS-avtalens protokoll 31 om samarbeid på særlege områder utenfor de fire friheter, se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF C 265 av 12.9.1996, s. 4.

(2) TEF C 256 av 2.10.1995, s. 38.

(3) TEF C 100 av 2.4.1996, s. 119.

(4) Europaparlamentsfråsegn av 12. oktober 1995 (TEF C 287 av 30.10.1995, s. 161), felles haldning frå Rådet av 8. juli 1996 (TEF C 264 av 11.9.1996, s. 69), europaparlamentsavgjerd av 22. oktober 1996 (TEF C 347 av 18.11.1996, s. 29), europaparlamentsavgjerd av 16. september 1997 (TEF C 304 av 6.10.1997) og rådsavgjerd av 24. juli 1997.

(5) Europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 1110/94/EF av 26. april 1994 om det fjerde rammeprogram for Det europeiske fellesskaps virksomhet i forbindelse med forskning, teknologisk utvikling og pilotprosjekter (1994-1998) (TEF L 126 av 18.5.1994, s. 1).

(6) Europaparlamentsresolusjon om vern av den europeiske kulturarven (TEF C 62 av 30.5.1974, s. 5). Europaparlamentsresolusjon om vern av den arkitektoniske og arkeologiske kulturarven (TEF C 267 av 11.10.1982, s. 25). Europaparlamentsresolusjon om varetaking av den arkitektoniske og arkeologiske kulturarven i Fellesskapet (TEF C 309 av 5.12.1988, s. 423). Europaparlamentsresolusjon om varetaking av den arkitektoniske kulturarven og vern av kulturverdiar (TEF C 72 av 15.3.1993, s. 160).

- 10) Europaparlamentet har vedteke resolusjonar om fellesskapsstøtte til arbeid med restaurering av framstående døme på arkitektoniske kulturminne⁽¹⁾.
- 11) Rådet har uttrykt interesse for eit nærare samarbeid om vern av arkitektoniske kulturminne, kunstfremål, kunstverk og arkiv, særleg når det gjeld utveksling av kunnskap, dokumentasjon og opplæring, og med sikte på den viktige rolla som nettverka til kulturorganisasjonane spelar i kultursamarbeidet i Europa⁽²⁾.
- 12) I meldinga si "Nye utsikter for fellesskapstiltak på kulturområdet" av 29. april 1992 slår Kommisjonen fast at fellesskapstiltaka bør utvidast til å gjelde for lause kulturminne, og at det bør vedtakast føresegner for å fremje dialog og samarbeid mellom aktørar på området og for å oppmuntre til spreing av røymsler og fagkunnskap. Europaparlamentet og Rådet har støtta denne framgangsmåten⁽³⁾.
- 13) Dei europeiske institusjonane har streka under kor viktig det er å integrere dei ulike sidene ved kulturarven i eit samla fellesskapstiltak⁽⁴⁾ som tek omsyn til rikdommen og mangfaldet til lause og faste kulturminne, og som støttar arbeidet til dei mange aktørane på området.
- 14) Det er framleis naudsynt å gjere kjent for ein størst mogleg del av ålmenta kor viktig det er å verne kulturarven.
- 15) Fellesskapstiltaket bør ta omsyn til at definisjonen av omgrepet kulturarv kan endre seg, og bør omfatte alle typar kulturminne gjennom oppmuntring av tverrfaglege tilnæringsmåtar.
- 16) Med sikte på å utarbeide eit handlingsprogram for kulturarven har Kommisjonen skipa til samråd med alle interesserte partar, særleg med styresmaktene i medlemsstatane, fagfolk, ikkje-statlege organisasjonar, stiftingar og foreiningar.
- 17) Det finst mange bindeledd mellom kulturarven i Fellesskapet og i tredjestatar; difor er dette området svært godt eigna for utvikling av ulike former for samarbeid med tredjestatar, Europarådet og andre internasjonale organisasjonar som arbeider med kulturarven, t.d. UNESCO, i samsvar med krava i traktaten og dei førnemnde konklusjonane og resolusjonane.
- 18) Konklusjonane frå møtet til Det europeiske rådet i København 21.-23. juni 1993 tilrår at fellesskapsprogramma vert opna for dei statane i Sentral- og Aust-Europa som er part i assosieringsavtalene. Fellesskapet har med visse tredjestatar inngått samarbeidsavtaler som inneheld føresegner om kultur.
- 19) I denne avgjerda er det for heile det tidsrommet programmet varer, fastsett ei finansiell ramme som i medhald av punkt 1 i fråsegna frå Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen av 6. mars 1995 er det viktigaste referansegrunnlaget for budsjettstyresmakta ved den årlege budsjetthandsaminga.
- 20) Dei tiltaka som skal gjerast i medhald av dette programmet, skal også ta omsyn til komplementariteten med andre tiltak som kan verte gjorde i medhald av annan fellesskapspolitikk.
- 21) Dette programmet må gjennomførast i nært samarbeid med dei nasjonale styresmaktene for å sikre at fellesskapstiltaka støttar og utfyller innsatsen på nasjonalt plan, samstundes som nærleiksprinsippet slik det er definert i artikkel 3 B i traktaten, vert respektert.
- 22) I lys av dei røymslene som vert gjorde, kan det verte naudsynt å endre dei tersklane som er fastsette for det finansielle tilskotet frå Fellesskapet til dei ulike prosjekttypane som er fastsette i vedlegget (tiltak I, II og III).
-
- ⁽¹⁾ Europaparlamentsresolusjon om økonomisk støtte til Athosfjellet (klosterområde) (TEF C 144 av 15.6.1981, s. 92).
Europaparlamentsresolusjon om bruk av finansieringsordningar frå Fellesskapet i restaureringa av det historiske sentrumet i byen Palermo (TEF C 187 av 18.7.1988, s. 160).
Europaparlamentsresolusjon om støtte til atterreising av bydelen Chiado i Lisboa (TEF C 262 av 10.10.1988, s. 110).
Europaparlamentsresolusjon om varetaking av den arkitektoniske og arkeologiske kulturarven i Fellesskapet (TEF C 309 av 5.12.1988, s. 423).
Europaparlamentsresolusjon om brannen i Gran Teatro del Liceo (Barcelona) (TEF C 61 av 28.2.1994, s. 184).
- ⁽²⁾ Resolusjon av 13. november 1986 vedteken av kulturministrane samla i Rådet om vern av den arkitektoniske kulturarven i Europa (TEF C 320 av 13.12.1986, s. 1).
Resolusjon av 13. november 1986 vedteken av kulturministrane samla i Rådet om varetaking av kunstfremål og kunstverk (TEF C 320 av 13.12.1986, s. 3).
Resolusjon av 14. november 1991 vedteken av Rådet og kulturministrane samla i Rådet om føresegner om arkiv (TEF C 314 av 5.12.1991, s. 2).
Konklusjonar vedteke av Rådet av 17. juni 1994 om nærare samarbeid på arkivområdet (TEF C 235 av 23.8.1994, s. 3).
Resolusjon av 14. november 1991 vedteken av Rådet og kulturministrane samla i Rådet om europeiske kulturnettverk (TEF C 314 av 5.12.1991, s. 1).
- ⁽³⁾ Europaparlamentsresolusjon om kommisjonsmeldinga «Nye utsikter for fellesskapstiltak på kulturområdet» (TEF C 42 av 15.2.1993, s. 173).
Europaparlamentsresolusjon om fellesskapspolitikken på kulturområdet (TEF C 44 av 14.2.1994, s. 184).
Konklusjonar av 12. november 1992 vedteke av Rådet og kulturministrane samla i Rådet om retningslinjer for kulturtiltak i Fellesskapet (TEF C 336 av 19.12.1992, s. 1).
- ⁽⁴⁾ Europaparlamentsresolusjon om varetaking av den arkitektoniske kulturarven og vern av kulturverdiar (TEF C 72 av 15.3.1993, s. 160).
Konklusjonar av 17. juni 1994 vedteke av Rådet om å utarbeide ein fellesskaps-handlingsplan for kulturarven (TEF C 235 av 23.8.1994, s. 1).

23) Det kom 20. desember 1994 i stand ein *modus vivendi* mellom Europaparlamentet, Rådet og Kommissjonen om gjennomføringstiltaka for rettsakter som er vedtekne etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 B i traktaten⁽¹⁾ —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Ved denne avgjerda vert fellesskapshandlingsprogrammet for kulturarven, Rafael-programmet, som er fastlagt i vedlegget, heretter kalla «programmet», vedteke for tidsrommet 1. januar 1997–31. desember 2000.

Føremålet med programmet er gjennom samarbeid å støtte og utfylle innsatsen til medlemsstatane for viktige europeiske kulturminne.

Artikkel 2

For føremåla med dette programmet, og utan at det rører ved den retten som medlemsstatane sjølve har til å definere kulturarven, tyder

— “kulturarv” lause og faste kulturminne (museum og samlingar, bibliotek og arkiv, medrekna biletarkiv, filmarkiv og lydarkiv), arkeologiske og marinarkeo-
logiske kulturminne, arkitektoniske kulturminne, historiske stader, funnstader og kulturlandskap (område der kulturføremål og naturminne utgjer ein heilskap),

— “vern” alle aktivitetar som medverkar til å gje betre kjennskap til, forvaltning av, varetaking av, restaurering av, presentasjon av og tilgang til kulturarven.

Artikkel 3

Programmet skal oppmuntre til samarbeid på europeisk plan mellom medlemsstatane på område som gjeld kulturarven. Det skal støtte og utfylle innsatsen deira i samsvar med nærleiksprinsippet ved å medverke til at kulturane deira får utfalde seg, samstundes som det nasjonale og regionale mangfaldet vert respektert og den felles kulturarven fremja.

For å nå dette målet, og i samsvar med det overordna føremålet som er fastsett i artikkel 1 andre leddet, skal programmet, på grunnlag av utviklinga av tverrnasjonalt samarbeid, ha som særskilde mål

a) å oppmuntre til varetaking og restaurering av dei delane av kulturarven som er viktige for Europa, og såleis medverke til at dei vert verdsette og framheva,

b) å oppmuntre til utvikling av eit tverrnasjonalt samarbeid mellom institusjonar og/eller aktørar som arbeider med kulturarven, for såleis å medverke til felles bruk av fagkunnskap og utvikling av best mogleg praksis når det gjeld vern av kulturarven,

c) å betre tilgangen til den europeiske dimensjonen ved kulturarven, og oppmuntre ålmenta, særleg barn, unge, vanskelegstilte personar og personar som bur i randområda og landdistrikta i Fellesskapet, til å ta aktivt del i å verne og framheve den europeiske kulturarven,

d) å oppmuntre til tverrnasjonalt samarbeid om utvikling av ny teknologi som kan nyttast innanfor dei ulike kategoriane og fagområda som har samheng med kulturarven, og om vidareføring av tradisjonelle handverk og teknikkar innanfor kulturarven,

e) å syte for at det vert teke omsyn til kulturarvdimensjonen i andre fellesskapsprogram og annan fellesskapspolitikk,

f) å oppmuntre til samarbeid med tredjestatar og med relevante internasjonale organisasjonar.

Artikkel 4

For å nå dei måla som er fastsette i artikkel 3 andre leddet, må dei prosjekta som vert sette i verk innan ramma av dette programmet, ha ein europeisk dimensjon og kunne tilføre ein tilleggsverdi jamført med tiltak som vert gjorde i medlemsstaten, og dei må stette følgjande kriterium:

— medverke til å fremje kulturarven, m.a. ved å spreie informasjon om han,

— vere av interesse på fellesskapsplan fordi dei er gode føredøme, nyskapande eller opplysende,

— ha å gjere med problem som gjeld vern av kulturarven, og medverke til utvikling av best mogleg vernepraksis,

— kunne ha ein mangfaldiggjerande verknad når det gjeld kultur, utdanning eller sosio-økonomiske tilhøve.

Artikkel 5

Dei tiltaka som er oppførde i vedlegget, skal gjerast med sikte på å verkeleggjere dei måla som er oppførde i artikkel 3 andre leddet. Dei skal gjennomførast i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 7.

Artikkel 6

1. Dei assosierte statane i Sentral- og Aust-Europa (ASSAE) kan ta del i programmet på dei vilkåra som er fastlagde i dei tilleggsprotokollane til assosieringsavtalene

(1) TEF C 102 av 4.4.1996, s. 1.

som gjeld deltaking i fellesskapsprogram, og som er inngått eller skal inngåast med desse statane. Kypros og Malta kan ta del i programmet, og programmet skal vere ope for samarbeid med andre tredjestatar som har inngått assosierings- eller samarbeidsavtaler som inneheld klausular om kultur, på grunnlag av tilleggslovingar som skal tildelast i samsvar med dei framgangsmåtane som skal avtalast med desse statane.

2. Fellesskapet og medlemsstatane skal fremje samarbeid med Europarådet og med andre internasjonale organisasjonar som arbeider med kulturarven (t.d. UNESCO), ved å sikre at dei verkemidla som vert tekne i bruk, utfyller kvarandre, samstundes som det vert teke omsyn til eigenarten og handlefridommen til dei einskilde institusjonane og organisasjonane, og at ressursane vert nytta på best mogleg måte.

Artikkel 7

1. Kommisjonen skal gjennomføre dette programmet i samsvar med denne avgjerda.

2. Kommisjonen skal få hjelp av eit utval som er samansett av to representantar for kvar medlemsstat og vert leidd av representanten for Kommisjonen. Medlemmene i utvalet kan få hjelp av sakkunnige eller rådgjevarar.

3. Representanten for Kommisjonen skal leggje fram for utvalet eit utkast til tiltak med omsyn til

- dei overordna prioriteringane og retningslinjene for dei tiltaka som er oppførde i vedlegget, og for det årlege programmet som følgjer av dei,
- den allmenne jamvekta mellom alle tiltaka,
- reglane og kriteria for utveljing av dei ulike prosjekttypane som er oppførde i vedlegget (tiltak I, II, III og IV),
- den finansielle støtta som Fellesskapet skal yte (sum, tidsrom, fordeling og mottakarar),
- nærmare reglar for overvaking og vurdering av dette programmet, saman med konklusjonane frå vurderingsrapporten som er fastsett i artikkel 11, og alle andre tiltak for tilpassing av dette programmet som vert gjorde på grunnlag av vurderingsrapporten.

Utvalet skal kome med ei fråsegn om dei utkasta til tiltak som er nemnde i første strekpunktet, innan ein frist som leiaren kan fastsetje etter kor mykje saka hastar. Fråsegna skal gjevast med det fleirtalet som er fastsett i artikkel 148 nr. 2 i traktaten for avgjerder som Rådet skal ta etter framlegg frå Kommisjonen. Ved røysting i utvalet skal røystene til representantane for medlemsstatane ha den

vekta som er fastsett i den førnemnde nemnde artikkelen. Leiaren skal ikkje røyste.

Kommisjonen skal vedta tiltak som skal setjast i verk straks. Dersom tiltaka ikkje er i samsvar med fråsegna frå utvalet, skal Kommisjonen straks gje Rådet melding om dei.

I slike høve

- a) kan Kommisjonen utsetje iverksetjinga av dei tiltaka som han har vedteke, i to månader rekna frå den dagen meldinga vart gjeven,
- b) kan Rådet med kvalifisert fleirtal ta ei anna avgjerd innan den fristen som er fastsett i bokstav a).

4. Kommisjonen kan rådspørje utvalet i alle andre saker som gjeld gjennomføringa av programmet, enn dei som er nemnde i nr. 3.

Representanten for Kommisjonen skal leggje fram for utvalet eit utkast til tiltak som skal gjerast. Utvalet skal kome med ei fråsegn om utkastet, om naudsynt ved røysting, innan ein frist som leiaren kan fastsetje etter kor mykje saka hastar.

Fråsegna skal protokollførast; i tillegg skal kvar medlemsstat ha rett til å be om å få standpunktet sitt protokollført.

Kommisjonen skal ta mest mogleg omsyn til fråsegna frå utvalet. Kommisjonen skal melde frå til utvalet om korleis han har teke omsyn til fråsegna.

Artikkel 8

1. Den finansielle ramma for gjennomføringa av dette programmet er 30 millionar ECU for det tidsrommet som er nemnt i artikkel 1, utan fordeling på år.

2. Dei årlege løyvingane skal godkjennast av budsjettstyresmakta innanfor ramma av dei finansielle overslaga.

3. Den finansielle ramma som er nemnd i nr. 1, skal etter framlegg frå Kommisjonen vurderast på nytt før utgangen av det andre året, i lys av budsjettsituasjonen og dei resultatane som er oppnådde i første fase av programmet.

Artikkel 9

Kommisjonen skal, eventuelt i samarbeid med medlemsstatane, syte for at det er samanheng og komplementaritet mellom tiltaka i dette programmet og dei andre kulturprogramma, og i program som er vedteke i medhald av andre føresegnar i traktaten som vedkjem kulturarven; han skal òg vurdere den samla verknaden som desse programma har på kulturarven.

Artikkel 10

1. To år og seks måneder etter iverksettninga av dette programmet og innan seks måneder etter at dette tidsrommet har gått ut, skal Kommissjonen, etter å ha rådspurt utvalet, leggje fram for Europaparlamentet og Rådet ein detaljert vurderingsrapport om dei resultatata som er oppnådde, eventuelt saman med høvelege framlegg. Rapporten er meint å skulle gje ei kvalitativ og kvantitativ vurdering av om programmet har nådd dei måla som er nemnde i artikkel 3.

2. Når programmet er avslutta, skal Kommissjonen leggje fram for Europaparlamentet, Rådet og Regionutvalet ein kvalitativ og kvantitativ rapport om gjennomføringa og resultatata av programmet i lys av dei måla som er nemnde i nr. 1.

Artikkel 11

Dette programmet, som for kvart av tiltaksområda eller tiltaka inneheld praktiske opplysningar om framgangs-

måten, fristar for innlevering av søknader og dokumentasjon som må leggjast ved søknadene, skal kvart år offentliggjerdast i C-serien av *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Kommissjonen skal prioritere offentliggjering og spreining av opplysningar om programmet for å sikre at aktørar og nettverk på kulturområdet får informasjon om tiltak som er av interesse for dei, og at dei vert gjort merksame på desse.

Alle prosjekt som får tildelt finansiell støtte i medhald av dette programmet, skal vise emblemet til Den europeiske unionen og nemne kjelda til finansieringa av prosjektet.

Utfirda i Brussel, 13. oktober 1997.

For Europaparlamentet

For Rådet

J.M. GIL-ROBLES

R. GOEBBELS

President

Formann

VEDLEGG

**FELLESKAPSHANDLINGSPROGRAM FOR KULTURARVEN
(RAFAEL-PROGRAMMET)**

Føremålet med Rafael-programmet er å støtte tiltak på europeisk plan innanfor alle kategoriar lause og faste kulturminne, i samsvar med nærleiksprinsippet.

TILTAK I

Varetaking, vern og framheving av den europeiske kulturarven gjennom europeisk samarbeid

— Føremålet med dette tiltaket er å medverke til å ta vare på, verne og framheve europeiske kulturminne, særleg dersom dei er truga, ved å oppmuntre til utvikling og felles bruk av best mogleg praksis for å skape eit miljø som er tenleg for vern og restaurering av kulturarven.

— Dette tiltaket skal omfatte følgjande:

1. Støtte til prosjekt for varetaking og vern av kulturminne som fortener nemninga "europeisk kulturminnelaboratorium" på grunn av den interessa dei vekker eller den føredømelege verdien dei har. Desse prosjekta må leggast fram av dei rette styresmaktene i medlemsstatane, og omfatte kunstverk, minnesmerke eller stader som har ein einestående historisk, arkitektonisk eller kunstnarleg verdi, særleg dei som det krevst særskilt vitskapeleg og/eller teknisk vanskelege inngrep for å ta vare på.

Desse "laboratoria", som kan få støtte frå Fællesskapet i fire år innan ramma av dette programmet, bør særleg knyte til seg ei tverrfagleg europeisk gruppe for å samle dei fremste spesialistane med sikte på å studere sær vanskelege problem i samband med varetaking, og utvikle føremålstenlege framgangsmåtar, metodar og/eller teknikkar, og såleis sikre at kvart prosjekt vert tilført ein tilleggsverdi. Dei som er ansvarlege for prosjekta, må syte for at dei røynslene som vert gjorde under prosjektarbeidet, vert spreidde på ein fullgod måte.

2. Støtte til prosjekt for varetaking og vern av europeiske kulturminne innan ramma av felles tema som Kommisjonen skal fastsetje etter å ha lagt saka fram for det utvalet som er nemnt i artikkel 7 i denne avgjerda, samstundes som det vert teke omsyn til dei problemområda som gjeld dei ulike kategoriane kulturminne. Prosjekta, som bør leggast fram av den personen eller dei personane som har ansvar for det aktuelle kulturminnet, kan vare i opptil tre år. Prosjekt som har ein føredømeleg verdi og ein mangfaldiggjerande verknad på det kulturelle, tekniske eller sosio-økonomiske området og/eller i samband med tilgangen til kulturarven, vil verte prioriterte. Dei som er ansvarlege for prosjekta, må syte for at dei røynslene som vert gjorde med omsyn til forvaltingsmessige og/eller verne-messige problem, vert spreidde blant fagfolk på ein fullgod måte.

Fællesskapsstøtta er meint å skulle medverke til å tilføre prosjekt som vert utførde innan ramma av dette tiltaket, ein tilleggsverdi på europeisk plan, og leggje tilhøva til rette for utvikling av europeisk fagkunnskap.

Det må leggast fram ein balansert finansieringsplan for prosjekta som syner kva finansieringsmidlar som er naudsynte for å verkeleggjere tiltaka, og der administrasjonskostnadene ikkje må overstige 12 % av fællesskapsfinansieringa av prosjektet.

Den finansielle støtta frå Fællesskapet til eit prosjekt under dette tiltaket kan ikkje overstige 50 % av dei samla kostnadene til det aktuelle prosjektet, og kan når det gjeld prosjekt som er nemnde i nr. 2, ikkje overstige 250 000 ECU.

Det skal sendast inn ein eigen søknad til Det europeiske fællesskapet for kvart prosjekt. Kvar søknad skal innehalde

- ei detaljert utgreiing om tiltaka. Dei rette styresmaktene i medlemsstatane skal utarbeide ei fråsegn om det tekniske samsvaret til prosjektet, som må sendast over til Kommisjonen innan fristen for framlegging av prosjekt. Dersom fråsegna ikkje er tilgjengeleg innan ein fastsett frist, skal framgangsmåten for utveljing av prosjekt haldast fram,
- eit detaljert budsjettoverslag for tiltaka.

Dei midlane som skal setjast av til dette tiltaket, skal utgjere om lag 50 % av det samla budsjettet for programmet.

TILTAK II

Samarbeid med sikte på utveksling av røynsler og utvikling av teknikkar som vert nytta i samband med kulturarven

- Føremålet med dette tiltaket er å oppmuntre til å styrkje det tverrnasjonale samarbeidet med sikte på felles bruk av fagkunnskap og utvikling av best mogleg praksis gjennom nettverk og partnarskap og gjennom utveksling av fagfolk mellom institusjonar og/eller av aktørar som arbeider med kulturarven. Det skal leggjast særleg vekt på utvikling av ny teknologi som kan nyttast innanfor ulike fagområde som har samanheng med kulturarven, og på vidareføring av tradisjonelle handverk og teknikkar.

Alt etter kva tema dei arbeider med, vil nettverka kunne samle offentlege og/eller private institusjonar og/eller aktørar som arbeider med kulturarven, og dersom det er naudsynt, andre offentlege og/eller private institusjonar, forskingssenter og føretak som saka kjem ved.

Det skal leggjast særleg vekt på nettverk som gjev dei mest vanskelegstilte folkesetnadsgruppene betre tilgang til kulturarven.

- Dette tiltaket skal omfatte følgjande:

1. *Nyskaping og ny teknologi*

- 1.1. Støtte til prosjekt som har til føremål å kartleggje om det trengst forskning på fellesskapsplan med omsyn til kulturarven, å spreie forskingsresultata til fagfolk og å utvikle praktiske brukarprogram for fagfolk som arbeider i marka. Tiltaka skal i den grad det er mogleg, gjennomførast i samverknad med rammeprogrammet for forskning. Eventuelle etterfølgjande forskningstiltak vil verte gjennomførde innanfor rammeprogrammet for forskning og teknologisk utvikling i samsvar med føresegnene i det førnemnde programmet.

- 1.2. Støtte til prosjekt som gjeld bruk av ny teknologi og nye tenester (restaurerings- og verneteknikkar; audiovisuelle produkt og multimedieprodukt, avanserte informasjons- og kommunikasjonstenester osv.) på ulike fagområde som har samanheng med kulturarven.

2. *Mobilitet og opplæring av fagfolk*

- 2.1. Støtte til prosjekt som gjeld utveksling av fagfolk innanfor ulike kategoriar og fagområde som har samanheng med kulturarven, slik at dei kan arbeide i opptil tolv månader i eit tilsvarande fagmiljø i ein annan medlemsstat.

Fellesskapsstøtta vil verte retta mot organiseringa av slik utveksling, og er tenkt å skulle dekkje nokre av tilleggskostnadene t.d. til reise og overnatting.

- 2.2. Støtte til tverrnasjonale prosjekt som er meint å skulle oppmuntre til vidareutdanning av fagfolk i kulturminnesektoren i ny teknologi og avanserte informasjons- og kommunikasjonstenester som kan nyttast der, og til prosjekt som er meinte for utvikling og vern av tradisjonelle handverksteknikkar.

3. Utrveksling av røymsler og informasjon

3.1. Støtte til utrveksling av røymsler ved gjennomføring av granskingar, rundspørjingar, arbeidsmøte og seminar, særleg på følgjande område:

- utarbeiding av tekniske tilrådingar (standardar) med sikte på å betre bruken og metodane innanfor forvaltning og/eller vern av kulturarven,
- kartlegging av risikofaktorar som gjeld kulturføremål, og gransking av ordningar for jamleg kontroll av korleis slike føremål vert tekne vare på,
- førebyggjande vern av kulturføremål, kunstverk og minnesmerke mot øydeleggingar, og gransking av vilkåra for korleis dei vert tekne vare på,
- kvalifikasjonane til fagfolk som har spesialisert seg på vern av kulturarven,
- dokumentasjon av kulturføremål,
- vilkår for utlån av kunstverk til mellombels utstillingar,
- innverknad av annan fellesskapspolitikk på kulturminnesektoren.

3.2. Støtte til prosjekt mellom kulturminneinstitusjonar som nyttar teknologi for elektronisk kommunikasjon (elektronisk overføring, CD-ROM, CD-I osv.) for å samle og/eller utrveksle og spreie særskild informasjon, særleg på følgjande område:

- kulturminnelovgjevinga i medlemsstatane,
- lister og oversikter over kulturminne,
- oversikter over vidareutdanningskurs på ulike fagområde,
- integrerte databasar for katalogisering av og opplysningar om kulturføremål,
- statistikkar og indikatorar som gjeld kulturarven,
- lister og katalogar over nyskapande prosjekt som gjeld kulturarven,
- metodar og ordningar som vert nytta til vern, restaurering, forvaltning og spreieing av kulturarven i medlemsstatane,
- praktiske rettleingar, handbøker og informasjonsmeldingar om kulturarven.

Søknadene, som skal leggjast fram av dei aktuelle institusjonane og/eller aktørane, må innehalde dei økonomiske garantiane som krevst for gjennomføringa av prosjekta. Fellesskapsstøtte som vert gjeven under dette tiltaket, kan ikke i noko tilfelle overstige 50 % av dei samla prosjekt-kostnadene, og kan heller ikkje overstige 50 000 ECU, med unntak av prosjekt som er nemnde i nr. 1.2 og 2.2, som kan få fellesskapsstøtte på opptil 150 000 ECU, og i nr. 2.1 og 3.1 (fjerde strekpunktet), som kan få fellesskapsstøtte på opptil 100 000 ECU.

TILTAK III

Tilgang til, deltaking i og medvit om kulturarven blant ålmenta

- Føremålet med dette tiltaket er å betre tilgangen til kulturarven blant ålmenta ved å oppmuntre medvitsaukande prosjekt som har ein europeisk dimensjon, og ved å fremje bruken av avansert teknologi og avanserte tenester innanfor informasjons- og kommunikasjons-teknologi.

— Dette tiltaket skal omfatte følgende:

1. Støtte til tverrnasjonale samarbeidsprosjekt mellom institusjonar og/eller aktørar som arbeider med kulturarven, og som nyttar multimediesystem og -produkt eller andre former for kommunikasjon for å presentere den europeiske dimensjonen ved kulturarven, og særleg for å gje ålmenta tilgang til alle kunstverk innanfor liknande og/eller utfyllande stilarter som er i forvaring hjå andre europeiske kulturorgan.
2. Støtte til tilskipingar for å auke medvitet blant ålmenta om kulturarven på europeisk plan.
3. Støtte til fleirspråklege presentasjonar om kulturarven ved museum, minnesmerke, funnstader, bibliotek, arkiv osv. som vender seg til borgarane i Den europeiske unionen. Prosjekta kan omfatte presentasjonsmateriale, brosjyrar, skilt, elektroniske rettleiingar, audiovisuelle produkt eller multimedieprodukt osv.
4. Støtte til tverrnasjonale samarbeidsprosjekt som fører saman institusjonar og/eller aktørar frå minst tre medlemsstatar i Fellesskapet, med sikte på å auke medvitet om kulturarven blant ålmenta, t.d. gjennom utstillingar, opplæringsprogram, tverrnasjonale kulturoversikter osv.

Søknadene, som skal leggjast fram av dei aktuelle institusjonane og/eller aktørane, må innehalde dei økonomiske garantiane som krevst for gjennomføringa av prosjektet. Fellesskapsstøtte som vert gjeven under dette tiltaket, kan ikke i noko tilfelle overstige 50 % av dei samla prosjektkostnadene, og kan heller ikkje overstige 50 000 ECU, med unntak av prosjekt som er nemnde i nr. 1 og 3, som kan få fellesskapsstøtte på opptil 150 000 ECU.

TILTAK IV

Samarbeid med tredjestatar og internasjonale organisasjonar

— Føremålet med dette tiltaket er å utvikle prosjekt i samarbeid med tredjestatar, og skape samverknad med den innsatsen som vert gjort av andre internasjonale organisasjonar, særleg Europarådet og UNESCO.

— Dette tiltaket skal omfatte følgende:

1. Støtte til samarbeid med tredjestatar på dei områda som er omfatta av tiltak I, II og III.

Dei nærmare reglane for deltaking av tredjestatar er fastsette i artikkel 6.

2. Støtte til prosjekt i samverknad med dei internasjonale organisasjonane som arbeider med kulturarven, særleg Europarådet og UNESCO. Dei nærmare reglane for denne samverknaden skal avgjerast i kvart tilfelle mellom Fellesskapet og den aktuelle internasjonale organisasjonen, i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 7 nr. 3.

Fråsegn frå Kommisjonen*Om artikkel 5 (utvalsframgangsmåte)*

I samsvar med tverrinstitusjonelle framgangsmåtar og avtaler skal Kommisjonen, med omsyn til den finansielle støtta som skal ytast av Fellesskapet, melde frå til det utvalet som er oppnemnt i medhald av avgjerda om Rafael-programmet, om dei prosjekta som han har planar om å finansiere innan ramma av denne avgjerda.

Fråsegn frå Europaparlamentet*Om artikkel 5 (utvalsframgangsmåte)*

Europaparlamentet, som stadfestar at artikkel 7 nr. 3 i Rafael-programmet ikkje gjev utvalet høve til å ta avgjerder når det gjeld val av einseilte prosjekt, har ikkje noko imot at utvalet får opplysningar om alle dei prosjekta som Kommisjonen har planar om å finansiere.

Parlamentet ønskjer å få oversendt dei same opplysningane frå Kommisjonen.

Fråsegn frå Kommisjonen

Med tilvising til rådsavgjerd av 30. juni 1997 om det framtidige kultursamarbeidet i Europa, og til ønska frå Europaparlamentet om å skipe ei rammeordning for kultur, stadfestar Kommisjonen, utan at det rører ved retten hans til å ta eigne initiativ, at han snarast råd vil gjere framlegg til eit samla program for å sikre kontinuiteten i og utviklinga av kulturinnsatsen i Fellesskapet.

Kommisjonen vil i størst mogleg grad rådspørje alle dei partane som saka vedkjem, og vil for dette føremålet organisere møte med dei europeiske institusjonane og dei aktuelle organisasjonane.
